

Får riva dei gamle husa

28.10.2010



Kjærland får grønt lys for riving

Kommunen ved saksbehandlar Eva Sundal hos rådmannen har no gjeve grønt lys for riving av 3 gamle hus.

Jon Harald Kjærland får riva kårhus og stabbur på Kjerlandsido og Kristine Stensletten naust på Ytre Eik.

Men ho skal byggja opp att huset.



[Stensletten får grønt lys for riving](#)

Saksbehandlar Sundal peikar på at det ikkje ligg føre merknader frå naboar og gjenbuarar, som er lovleg varsla. Dei tre husa er registrert i SEFRAK, men ikkje som kulturminne.

Fylkeskommunen har ingen merknadaar til riving, bortsett frå at dei rådar til gjenbruk av naustet sitt taktekkingsmateriale.

Nytt naust må ha ei middels høgd på pluss 1,5 meter frå middels vasstand til topp golv, går det fram av vedtaket.

(Foto: Ola Matti Mathisen)